



LEIAR

I Noreg har vi det ufatteleg godt. Mykje av det vi tek for gitt er uendeleg langt frå kvardagen i den fattige verda.

- Tenk deg eit liv der du nesten ikkje har pengar og du må prioritere mat på bordet i staden for å sende barna dine på skulen.
- Tenk eit liv der du ikkje får løn eller andre offentlege ytingar om du er arbeidsledig eller når du er sjuk og ikkje kan arbeide.
- Tenk deg eit liv, utan vaksinasjonar der du eller barna dine når som helst kan få tuberkulose eller andre livstrugande sjukdomar.
- Tenk deg eit liv der du må betale av eiga lomme når barna dine vert sjuke, om dei må til doktor, tannlækjar, eller i verste fall må på sjukehus. Eit sjukehusopphald kan motsvare fleire årsløner.

Dette er kvardagen til familiar du er med og hjelper nå du bidreg til skulegang via ICARE2. Hjelp til utdanning er nøkkelen til ein veg ut av fattigdom og håpløyse.

Hjarteleg takk for at du bidreg.

Arild Landa
styreleiar



OM ICARE2

ICARE2 sitt føremål er å hjelpe fattige barn i Filippinane med utdanning. Vi samarbeider med stiftinga RiseAbove i Cebu City for å få hjelpa fram. Filippinane består av 7107 større og mindre øyar som til saman utgjør eit flateareal om lag på storleik med Noreg. På 800 av desse øyene bur 100 millionar menneske. 40 millionar av disse lever under fattigdomsgrensa og minst 25 millionar går svoltne til sengs.

Her er historia til 3 av meir enn 20 familiar som mottar hjelp frå ICARE2.



Michaela mottok ein pris for beste elev i filippinsk.

LUCIANA CABALLES

(mor til MICHAELA CABALLES)

Luciana kjem frå ein stor familie med 8 søsken. Foreldra hennar var bønder og sjølv fekk ho berre 5 års grunnskule. Som 12-åring måtte ho ta arbeid som hushjelp. Da Luciana hadde fått 5 barn sjølv, var det berre eitt av desse som fekk gå på skule. To av barna vart gift, mens 2 av sønene må bidra til hushaldet med å samle sand frå eit lite elvelaup. Dei sel sanden for 5 kr sekken. I tillegg tener Luciana pengar til familien ved å vaske klede i nabolaget. Mannen hennar kan ikkje bidra fordi han lir av tuberkulose som enno er svært utbreidd i Filippinane.

Arbeidet hennar med klesvask gir inga fast inntekt og ho såg heller ingen utveg for å sende den yngste dottera Michaela på skulen då ho kom i skulealder i 2009. Rett før skulen starta banka det på døra. Det var Marie Tangalin frå stiftinga Rise Above som besøkte fattige familiar på oppdrag frå ICARE2. Ho var på leiting etter familiar med born som skulle begynne i 1. klasse. Sju år gamle Michaela og nokre andre barn i Luciana sitt nabolag var heldige og vart valde til å få stønad frå ICARE2.

I eit oppføljingsintervju med Luciana i september 2010 vart ho som mor til ein sponsorelev spurd om korleis det var å arbeide saman med RiseAbove og ICARE2?

– Det er ei velsigning og til stor hjelp! svara ho. På spørsmål om korleis hjelpa fungerer i praksis svara ho: - Michaela får all nødvendig stønad for å kunne gå på skulen. Ho får ransel, skuleuniform, skulesko, skulebøker og skrivesaker, treningsdress, lunsj og mellommåltid kvar dag og tillegg blir dei årlege skulepengane betalt. Michaela er skuleflink og har høge karakterar. Ho har blitt inspirert til å studere flittig fordi Gud har brukt menneske til å hjelpe oss.

Nokre dagar før jul i 2009, kom Marie frå stiftinga Rise Above med ei julegåve på 3500 pesos (om lag 500 kr). Vi vart svært glade og brukte pengane til å kjøpe ein sekk med ris og hermetikk. Vi fekk også råd til å kjøpe ein fin kjole til Michaela.

Luciana sa vidare at ho nå har forstått at utdanning er viktig: - Eg forstår at dersom vi skal koma ut av fattigdomen må eg alltid støtte og hjelpe Michaela med skulegangen hennar. Eg forstår at Michaela også såleis vil kunne hjelpe familien vår ein gang i framtida.

Luciana hadde også ein kort beskjed til oss som bidreg til at Michaela kan gå på skule. – På vegne av familien, tusen takk! Må Gud velsigne dykk og familien dykkar kvar einaste dag. Eg ber om at de vil kunne fortsette å gi hjelp til dotter mi. Tusen, tusen takk!



Her er vi heime hos familien til Michaela.

MARIBETH LABISTE

(mor til EDMUND LABISTE)

Maribeth gjekk sjølv på skulen og fullførte 9-årig grunnskule ("high school" i Filippinane). Deretter arbeidde ho som seljar i ein supermarknad i Cebu City. Ho møtte mannen sin og vart gift som 19-åring. Nå har dei 5 born saman. Etter fødselen av den første sonen, Edmund, vart familien utsett for mange store prøvelsar. Dei fann ut at babyen hadde ein hjernesvulst og trong operasjon på sjukehus. Maribeth gav nesten opp, men babyen var sterk og gav henne styrke. Det var ei vanskeleg tid å måtte sjå korleis Edmund lei. Maribeth fekk litt hjelp frå private, akkurat nok til å kjøpe medisinar. Ho måtte låne pengar for å betale rekningane frå sjukehuset og til daglege utgifter. Verken ho eller mannen kunne arbeide fordi ho måtte vera hjå Edmund på sjukehuset, mens mannen såg etter dei andre barna. Dei fekk etter kvart stor gjeld og det har vore ei svært vanskeleg tid.

Maribeth fekk kontakt med stiftinga Rise Above og hjelpeprogrammet til ICARE2 då representantar frå Rise Above banka på døra i april 2009 og spurte om ho hadde eit barn som skulle skrivast inn til 1. klasse på skulen. Dei tok bilete og hjartet til Maribeth slo ekstra fort då ho fekk høyre at Edmund si utdanning ville bli støtta av ICARE2.



Heime hos Edmund

I eit oppføljingsintervju med Maribeth i september 2010, sa ho: - De er i sanning Guds tenarar. De rører ved våre liv og deler av Guds kjærleik! På spørsmål om korleis hjelpa fungerer i praksis? svara ho: - Det er til heilt uvurderleg hjelp fordi de gir oss alt Edmond treng for å gå på skulen. Vi har fått skuleuniform, skulesko, ransel, treningsdress, kladdebok, blyantar m.m. samt lunsj og mellommåltid kvar dag. Også dei årlege skulepengane er betalt. Edmund er ein flink elev og fekk



Her viser Edmund stolt fram karakterboka frå skulen.

endatil spesialpremie med besøk på Jollibee (ein asiatisk variant av McDonalds) då han og nokre andre elevar vart premierte på skulens "Recognition Day" i mars 2010. Familien fekk også ei julegåve på 3500 pesos (omlag 500 kr) sist jul, frå gjevarar i Danmark. Takk Gud, vi kunne reparere huset!

Maribeth sa vidare at ho hadde blitt meir moden etter å ha motteke hjelp til Edmond sin skulegang. Ho sa: - Mannen min og eg må arbeide hardare for familien. Andre menneske bryr seg om barna våre, og vi må difor bry oss enda meir som foreldre.

Maribeth sin beskjed til dei som hjelper henne og familien er: - Tusen takk for hjelpa dykkar! Vi vil gjere vårt beste som foreldre slik at den hjelpa de har gitt til Edmund sitt liv ikkje skal vera fånytted. Hjartans takk for at de framleis gir stønad til Edmund si utdanning!



Heime hos Genevive.

NIDA PACALDO

(mor til GENEVIVE PACALDO)

Nida kjem frå ein stor familie med 10 søsken. Nida har lærarutdanning, men har ikkje lisens til å vera lærar. Ho strauk to gonger til lisenseksamen for lærarar. Ho har difor tidlegare berre arbeidd som kassadame i ein supermarknad. Sidan ho vart gift har ho vore heime med borna og mannen har arbeidd som privatsjåfør der han tener 300 pesos (omlag 39 kr) om dagen, men berre dei dagane arbeidsgjevaren nyttar bilen. Nida og mannen har 4 born som alle er jenter. Nokre dagar hjelper jentene Nida å selje småkaker og "snack" (småmat) i nabolaget. Familien si inntekt strekk knappast til for å dekkje dei daglege utgiftene.

Nida og familien vart intervjuva av stiftinga Rise Above i mai 2009. På oppdrag for ICARE2 var dei på utkikk etter barn som skulle begynne i 1. klasse. Føresetnaden var at foreldra ikkje hadde råd til å sende dei på skulen. Den eine dottera, Genevive, var kvalifisert for å bli teken opp i programmet til ICARE2.

Nida vart intervjuva i september 2010, og då sa ho: - Eg føler meg så heldig. Eg takkar Herren for at det finst stiftingar som Rise Above og ICARE2 som har ein misjon for



Genevive

å hjelpe vanskelegstilte menneske som oss. – Vi spurte korleis hjelpa fungerer i praksis og Nida svarte: - Dotter mi Genevive går nå i 2. klasse takka vera dykkar hjelp. De har gitt henne alt ho treng for å gå på skulen; skuleuniform, skulesko, treningsdrakt, ransel, regnjakke, kladdebøker, blyantar og mykje meir. Årlege skulepengar er betalt samt at ho får lunsj og mellommåltid kvar dag. Sist desember fekk vi 3500 pesos (omlag 500 kr) frå gjevarar i Danmark og jentene vart kjempeglade. Dette vart den beste jula vi har hatt. Vi kjøpte ein sekk med ris, leiker til jentene og mykje god mat. 2010 vart eit velsigna år fordi vi også fekk hjelp til dotter vår, Ivy si utdanning. Tusen takk!

Nida sa vidare: - Eg har lært å stole på andre menneske etter dei siste åras erfaringar. Tusen takk for at de hjelper oss. Eg ber om at de vil få ei rundhanda gjenyting for kva de har sådd i våre liv. Gud velsigne dykk og familie dykkar for alltid!



Nida som lærar på stiftinga Rise Above sitt daghjelppssenter for barn. Stiftinga Rise Above ville hjelpe Nida, og då det nyleg vart ledig ei stilling som lærar ved Rise Above sitt Familie daghjelppssenter for barn, vart hos spurt om ho ville hjelpe til. Ho svarta raskt ja og er veldig glad for å for kunne vera lærar der.



Kvalitetssikrer
Innsamlinger

GODE GJEVAR!

Tusen takk for bidraga du har gitt og hjelp oss med å fortsette arbeidet med å gi nokre barn utdanning.

Vi kan ikkje hjelpe alle, men for oss tel kvar einskild.

Send ditt bidrag til:
ICARE2, Postboks 3431,
7425 Trondheim.
Kontonummer: 1254 05 46698
(Organisasjonsnummer 992 934 980)

**GOD JUL OG GODT NYTT ÅR
FRÅ OSS I ICARE2!**